



## Grøn rute

# Gunleikskås- Krossvegen

Ruta startar ved krysset opp til bustafeltet Åsland. Ruta er merka langs Åslandsvegen og vidare inn på gamle stigar høgare opp i lia. Ruta er ca 5 km lang og du må rekne med ca 50 min i vanleg gangfart. Meir informasjon finn du på baksida av arket.

God tur !

Ved starten av ruta står ein stor raudmåla stolpe som blir fylgt opp av mindre raude stolpar i seinare vegkryss og andre viktige vegpunkt. På dei raude stolpane er det merka små trekantar/piler med den aktuelle fargen for ruta.. Det er også sett fargemerke på steinar og trestammer for å hjelpe deg

Ruta startar ved krysset opp til Åsland. Ruta fylgjer Åslandvegen gjennom byggefeltet. Åsland var tidlegare eit lite småbruk med huseplassen nedst i byggefeltet. Det er i dag ikkje noko spor att av småbruket som blei lagt ut til nytt bustadfelt i 1970-åra. Forbi bustadfeltet tek stigen til høgre opp lia. Her får du snart fint utsyn bort til landsbyen og kykja. Her er det stykkevis fin mura veg. Det var Olav Speikland i si tid som mura for å få til ein ny veg til Runninghaugen der han og familien budde. Dei flytte seinare til Skararud og vegen blei ikkje gjort ferdig.



Det blir tidleg bart om våren her inne i sollia. Blåveisen er ein av dei fyrste blomane som syner seg når snoen har tina. Blåveisen er kresen til jorda og vil helst ha kalkhaldig jord. Det tyder på at jordmonnet er næringsrikt. Kanskje det var grunnen til at så mange småbruk blei rudd inne i lia her. Ein passerar like sudom småbruket Lid før ein kjem opp til Gunleikskås, og seinare Krossvegen og Bergland. På Gunleikskås står enno restane av den gamle stoga med natursteinpipe.

Det budde folk her fram til 1960 talet. Ei som hadde skulevegen sin forbi Gunleikskås fortel at ho på lang avstand kunne kjenne den gode lukta frå det store blomkarsebedet som var på framsida av stogo. På sudsuda ser me restane av ein liten hage.

Område er i dag gjerda inn til storfebeite. Det er straum på gjerdetråden, men viss du tek tak i hântaket kan du opne gjerde. Det er viktig at gjerde blir late att slik at ikkje dyra kjem ut. Dyra kan vere litt nyskjerrige, men viss du ikkje vil ha dei for nære kan du gå ein liten omveg forbi dei. Beiting er viktig for å hindre attgroing i kulturlandskapet vårt.



.Litt lenger fram kjem me til Krossvegen . Som namnet seier er dette eit kryss mellom dei gamle vegane i grenda. Her er ein fin huseplass som no er fråflytta. Men enno er tunet intakt med stoge, uthus og eit lite bur. På bilete nedunder ser vi medlemmer i stiggruppa i sving med stigrydding ved Krossvegen



Like nedom fjoset på Krossvegen svingar det opp ein stig til Bergland. Her er ein gamal hesteveg som skrår opp lia. På høgre side før Bergland passerar me hytta til kunstnaren Eigil Madsen. Fer du forbi her på våren kan du vere heldig å sjå systermarihand som blømer på ei lita slátteekre før du kjem fram til jorde på Bergland. Systemarihand er ein sjeldan orkide som er freda. Bergland er eit bureisingsbruk frå 30-talet og det var Olav og Anne Kyrkjerud som rudd plassen.



Ruta kjem snart opp til Natadalvegen og fylgjer denne sudover Minnesjordgrenda. På øversida av vegen ligg Uppigard Minnesjord og på nedsida Nigard Minnesjord. Minnesjord er ein av dei eldste gardane i bygda og har gjennom tidene blitt stykka opp til mange små gardar. Garden åtte i si tid det meste av område mellom Åsebekken i nord til Natadal i sud. Til garden høyrde også heibeite Minnesjorddalen i Svartdal.



Terje Grøstad sitt motiv frå Minnesjord ein vinterdag

Litt lenger sud på vegen passerar me Nordal som ligg på nedsida av vegen. Og i enden av Natadalsvegen ligg sjølsagt Natadal slik vegnamnet tilseier. Her fylgjer stigen den gamle grendevegen som går over beite og nedover mot Runningen.. Litt ned i bakken er det merka stig ned til Runninghaugen eller Solhaug som den også blir kalla. Stigen går gjennom gamalskog med mange hole og råttne tre. Slik gamalskog har eit rikt fugleliv, ikkje minst trivst hakkespetta her. Er du heldig så kanskje du får sjå svartspetten eller regnpipa som gamle folk kallar den. Når regnpipa kjem i si typiske bogeflukt og den skarpe pipelåten , kjem det snart regn.



Runninghaugen er ein liten fredleg plass som innbyr til ein liten stopp. Plassen blei fråflytta på 1960 talet, men enno står hagen frodig med mange epletre og berbuskar nede i ei lun dokk. Hagen og plassen vitnar om at det her eingong var folk med framtidsvoner og optimisme som braut jord, bygde hus og planta hage. Det var mange slike plassar og det var slik bygda vår blei bygd. Men her som mange andre stadar blei plassen for liten og vitnar no om ei faren tid.

Frå Runninghaugen går stigen ned den bratte slátteekre før me kjem ned att på vegen ned til Åslandfeltet  
- Ein fin rundtur som gjev oppleving og mosjon.